

Luftputeballongar

Du treng:

- Ballongar
- Ei plate av tre eller isopor. Eller eit bord snudd på hovudet.
- Forsøkspersonar

1. Blås opp ti ballongar i same størrelse. Dei bør ikkje vere så oppblåste at dei lett sprekk.

2. Fordel ballongane så jamt som mogleg under plata eller bordet.



3. La den første forsøkspersonen krabbe forsiktig oppå, så ein til. Kor mange personar klarer ballongane å bere?



4. Kor mange ballongar klarer du å fjerne utan at det heile krasjar i eit stort ballongsmell?

Kva skjer?

Luftrykket inni ballongane held dykk oppe, på same måte som bilar og sykklar blir løfta frå bakken av luftrykket i dekk.

